

# Vestlandsrådet

## Saksutredning:

### NORA OG VESTLANDSRÅDET

---

**Trykte vedlegg:**

**Utrykte vedlegg:**

---

#### Bakgrunn

##### 1. Bakgrunn for saka

I Vestlandsrådet er ansvar for ulike internasjonale område fordelt mellom medlemsfylka. Rogaland har ansvaret for Europopolitisk forum, Hordaland ansvaret som nasjonalt kontaktpunkt for Interreg sitt Nordsjøprogram, og Sogn og Fjordane har fått ansvaret for arbeidet knytt til NORA. Møre og Romsdal har per i dag ikkje fått tildelt eit eige ansvarsområde innan det internasjonale arbeidet.

Sentrale personar som tidlegare har hatt kontakt inn mot NORA på vegner av Vestlandsrådet er ikkje lenger aktive i Vestlandsrådet. På grunnlag av dette er det uttrykt eit ønske om å på nytt synleggjere betydinga av Vestlandsrådet sin medlemsskap i NORA og korleis NORA kan vere ein viktig arena for Vestlandsrådet.

##### 2. Kva er NORA og kva er Vestlandsrådet si rolle?

NORA er ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråd sitt regionalpolitiske samarbeidsprogram. Organisasjonen består av Grønland, Island, Færøyene og Kyst- Noreg (dei ni fylka langs kysten frå Finnmark til Rogaland). NORA sin komité er samansett av tolv medlemmer, tre frå kvart land i NORA-regionen, og det er desse som definerer den generelle retninga for NORA sitt strategiske program.

NORA vert finansiert av Nordisk Ministerråd, supplert med eit nasjonalt bidrag frå dei fire deltagarane i samarbeidet. NORA-landa er knytte saman gjennom geografi, felles karakteristikk, felles utfordringar og historiske, institusjonelle og kulturelle band. NORA skal gjennom å styrke samarbeidet i regionen gjere Nordatlanten til ein kraftfull nordisk region kjenneteikna av ei sterke, beredyktig økonomisk utvikling. Dette skjer mellom anna ved å styrke samarbeidet mellom økonomisk verksemد og forskings- og utviklingsorganisasjonar på tvers av landegrensene. NORA støtter samarbeidsprosjekt innanfor områda fiskeri og marine ressursar, IKT, turisme, transport, sjøtryggleik og anna regionalt samarbeid. Målgruppene er organisasjonar og bedrifter i Nord-Atlanteren, og då særleg små og mellomstore bedrifter.

##### *Vestlandsrådet og deira sekretariatsfunksjon*

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sekretariatsfunksjonen for Vestlandet inn mot NORA, ivaretatt av internasjonal koordinator. Denne sekretariatsfunksjon utførast på vegne av Vestlandsrådet, og det er Vestlandsrådet som er medlem av NORA.

# Vestlandsrådet

Vestlandsrådet gir 100 000 kr i tilskot til NORA kvart år.

Kvar land i NORA har tre komitémedlemar og to sekretærar. For Vestlandet er no fylkesdirektør for Plan- og Samfunnsavdelinga i Sogn og Fjordane, Svein Arne Skuggen Hoff komitémedlem, mens Internasjonal koordinator Rosa Marie Skovli Øyrehaben, på same avdeling, er sekretær.

Arbeidet knytt til sekretariatsfunksjonen består i hovudsak i å vidareformidle informasjon og å gjere vurderingar av prosjektsøknader som kjem to gonger i året. Gjennom prosjektsøknadene som kjem inn til NORA er det fleire søkerar frå Vestlandet. Søknadene kjem ofte frå forskings-, utdannings- og kulturinstitusjonar.

Fram til i dag har det vore ein auke i tal søknader til NORA. Det har også vore ein auke i talet på søknader frå Vestlandet, noko som viser at fleire ulike institusjonar på Vestlandet etablerer nye samarbeidsarenaer innanfor NORA- regionen. Dei fleste prosjekta der Vestlandet er involvert omhandlar fiskeri og marine ressursar, kultur og kulturarv, samt turisme i Nordatlanteren.

## ***Nord- Noreg og Kommunal- og regionaldepartementet(KRD)***

I 2012 vart det vedteke at Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag (LU) skulle leggast ned. Det er LU som tidlegare har vore medlem av NORA, og ikkje einskild fylke i Nord, og betalt kontingenent til samarbeidet. Per dags dato har ikkje Nord-Noreg og Nord-Trøndelag funne ei ny økonomisk løysing. Eirik Fiva, Direktør for internasjonalt kontor i Nordland fylkeskommune, er komitémedlem i NORA og jobbar for å få til ei snarleg ordning på dette. Fylka i nord har fleire prosjekt og tettare samarbeid med NORA- regionen enn Vestlandet, og ser på NORA- regionen som eit svært viktig område for å skape nettverks- og samarbeidsarenaer.

KRD gjer 500 000 kr i tilskot til NORA kvart år, og Lisbeth Nylund sit som komitémedlem i NORA frå KRD.

## **3. Viktig med fokus på Norden**

Det er ein lang tradisjon for regionalpolitisk samarbeid i Norden, blant anna grunna felles historie, kultur og likskap i sosiale velferdssystem og demokratisk styreform. Grenseregionane sin interaksjon og samarbeidet deira har i lang tid spelt ei viktig rolle i å skape fungerande og integrerte samfunn langs nasjonale grensestrekningar.

Dei nordiske landa har mange av dei same utfordringane på mange område, men stiller seg ofte ulikt til desse. Dette betyr at landa har mulegheit til å lære av kvarandre og utvikle ein meir effektiv politikk i dialog med kvarandre.

Det nordiske næringslivet står for tida ovanfor store og felles utfordringar, der det å skape ny økonomisk vekst etter den økonomiske krisa, handtere dei demografiske endringane og klimautfordringane er sentrale. Dei fire fiskerinasjonane i vest; Grønland, Island, Færøyene og Noreg, har kvar for seg utvikla eigne fiskeriforvaltningar. Det kan difor sjåast eit mangfold av fiskeriforvaltningar i Norden som ikkje finnast andre stader i verda. Dette mangfaldet gir styrke, då forvaltningane har ei unik mulegheit til å lære av kvarandre sine innovasjonar.

# Vestlandsrådet

Det nordiske kultursamarbeidet utgjer også ein sterk heilskap, der kunst og kultur er hjørnesteinane i den fellesskapen som bind dei nordiske landa saman. Kultursamarbeidet har stor innflytelse på omverda og speglar fundamentet av felles verdiar som dei nordiske landa står for.

## 4. Vurdering

Når det gjeld kva betyding medlemskapen i NORA har for Vestlandsrådet er det først og fremst viktig å understreke at ein må nytte seg av nettverket for å få noko ut av det. Slik det er med dei fleste samarbeid.

NORA kan seiast å ha vore ein noko utslekt arena for Vestlandsrådet mellom anna fordi det har vore informert for lite om samarbeidet og kva for mulegheiter som ligg i det. Eit allereie godt etablert samarbeid mellom dei internasjonale fylkeskontaktane i Vestlandsrådet gjer at denne situasjonen raskt kan bli betra.

Sekretariatsfunksjonen til Sogn og Fjordane går i all hovudsak ut på informasjonsdeling og å gje NORA sin komité vurderingar på (prosjekt-)søknader. Som sekretær vert ein også ofte kontakta med spørsmål om mulege prosjektpartnarar på Vestlandet. På dette punktet er det muleg for Vestlandet å fremme sine interesser og satsingsområde. Dette krev både at informasjon går raskt og jamleg frå sekretariatet og ut til dei andre fylka, men og at dei fagmiljøa i medlemsfylka som har tema eller prosjekt dei ønskjer å inkludere i NORA-samarbeidet melder dette tilbake til sekretariatet.

Det kan vere vanskeleg å samanlikne Noreg med dei andre NORA- landa (Grønland, Færøyene og Island), men ser ein på kystregionane i Noreg har vi mange fellestrekks og ikkje minst mange av dei same utfordringane. Særskilde område som fisk og marine ressursar er viktige for Vestlandet, i tillegg er det viktig for Vestlandet å ha fokus på og ta vare på det unike naturlandskapet i denne landsdelen/som landsdelen er omgitt av.

Å etablere gode arenaer for gjensidig kunnskapsutveksling og læring, samt ny innovasjonstenking er like viktig for Vestlandet som for dei andre medlemmane av NORA.

Eit av måla i Vestlandsrådet si politiske plattform er å «styrke Nordsjøsamarbeidet for Vestlandet». I lys av dette er NORA heilt klart ein arena som er viktig å ivareta. Ei mulegheit er m.a. å knyte arbeidet inn mot NORA i større grad opp mot det nye Nordleg periferi-programmet (NPP). NPP vil i den kommande prosjektperioden ha ein tydeleg arktisk dimensjon, noko som vil vere eit fellestrekks for NPP og NORA. Vestlandsrådet tek og siktet på å vere politisk aktive inn i Nordsjøkommisjonen (NSC), og NORA- regionane er sentrale naboar til NSC sine område.

## Forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet held fram som medlem i NORA.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune held fram i sekretariatsfunksjonen for NORA.

# Vestlandsrådet

Tore Eriksen  
Fylkesrådmann

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*